

Referat FAU-møte

Onsdag 23. september

Desse møtte:

1. klasse: Geir Bjarte Hoftun og Ragnhild Sagsveen
2. klasse: Andre Lofthus og Miriam Lunde Nordmark
3. klasse: Tom Gardsteig
4. klasse: Sven Hoftun og Judith Sørhus Litlehamar
5. klasse: Oddny Lunde Bakka og Steinar Freyr
6. klasse: Elin T. Sørestad og Runar Vold
7. klasse: Asle Fisketjøn

Avtroppande leiar i FAU; Helen Moen møtte også.

Sak 1 2020/2021 Velkomen, godkjenning av referat og innkalling

Referat og innkalling vart godkjent utan korrigeringar.

Innkallinga - ok

Sak 2 2020/2021 Konstituering av nytt FAU-styre

- Leiar: Elin T. Sørestad
- Nestleiar: Judith Sørhus Litlehamar
- Kasserar: Miriam Lunde Nordmark
- Skrivar: Anette Goa Bråtveit
- Medlem SMU: Tom Gardsteig

Det vart lagt vekt på at det var viktig å sende inn ei melding om nytt konstituert styre til Brønnøysundregisteret. Kasserar tar seg av det.

Sak 3 2020/2021 Orientering frå sist møte i KFAU

Første møtet i KFAU bar preg av mykje engasjement og mange saker. Alf Aadnøy er valgt til leiar i KFAU, medan Maria Klungtveit er nestleiar. Begge desse representerer ungdomsskulen på Sand.

1. Brukarundersøking i SFO. Det er tidlegare kartlagt kva dei som nyttar seg av SFO-tilbodet meiner, det er litt uklart kva som er kome ut av den kartlegginga og korleis det er brukt politisk. KFAU har difor bestemt seg for å gjennomføre ei eiga kartlegging, der ei lenke med same spørsmål blir sendt ut til alle foreldre som har barn i aktuell SFO-alder, slik sikrar ein seg at ein og får svar frå dei som har slutta i SFO. Kartlegginga blir gjennomført anonymisert og via allereie eksisterande lister i Transponder, slik unngår ein utfordringar med GDPR.
2. KFAU meiner ein bør gjere graden av symjeopplæring/timar i Saudal Bad likare mellom skulane og ynskjer at ein aukar transportmidlane til skulane, spesielt viktig er det at midlar frå våren der skulen vart korona-stengt no blir ført tilbake til skulane som ekstra skyssmidlar.
3. Det er viktig at ein arbeider for å vidareføre ordninga med overføringspersonell frå barnehage til skule på dei skulane som no har dette som prøveprosjekt.
4. Det er ønskjeleg at ein får på plass ein rullerande vedlikehaldsplan for uteområda på skulen. Slik unngår ein ad-hock-aktivitet i arbeidet, og situasjonen blir meir forutsigbar.
5. KFAU sette fokus på at skulane har ulik bruk av nettbrett, og ikkje minst kva appar som finst på den. Lagt opp til at det skal ladast heime, korona - gav oss eit digitalt løft - mykje brukt som tiltenkt,
6. Smartklokker meiner KFAU bør vere like problematisert som mobilar på skulen, Smartklokker kan ein ringe med, i tillegg til blant anna ta og sende bilete.

Sak 4 2020/2021 Orientering frå einingleiar/rektor

1. Oppstarten av skuleåret har vore bra, trass i at ein no driftar etter gult nivå. Skulen har no 101 elev og må tenkje kreativt i forhold til kohortar, avstand og kva læringsarenaer ein kan bruke.
2. Ser stor nytte av overføringspersonell frå barnehage, som fangar opp situasjonar lett og gjer det enklare for kontaktlærarane å få oversikt og bli kjent med elevane. Vanskeleg å måle effekten av dette i pengar, men viktig med tidleg innsats, har spelt behovet inn i budsjettarbeidet.
3. Også viktig med ein god plan for overgangen til ungdomsskulen. I år var det lagt ein god plan for dette, som på grunn av koronaen vart redusert.
4. Ynskjer å få på plass endå betre utemiljø, allereie basket på plass. Har spart ein del vikarutgifter i koronatida som ein no kan nytte for å få opp leikehytte som har vore planlagt ei stund. Støttar tanken om rullerande reguleringsplan.

Sak 5 2020/2021 Innkomne saker

1. 6.klasse har mista mat og helse. Rektor orienterte om at elevane ville få talet på timar i faget dei har krav på, men då samla i 7.klasse, noko som gir dei betre tid kvar gong til å lage meir tidkrevjande mat.
2. Symjeundervisning. Kan ein få meir midlar til transport, slik at ein får fleire timar i bassenget? Rektor orienterte om at elevane i 1 og 2 klasse har krav på 14 timar totalt i bassenget, det

same har elevane i 3 og 4 klasse, og elevane i 5 - 7 klasse. Krava er jamfør kommunal standardplan. Skulen er no lova ekstra skyssmidlar frå det kommunale fondet der det står midlar igjen etter at koronakrisa sette ein stoppar for bading i vår.

3. Mange reagerer på bruk av nettbrett på skulevegen, dette er noko ein må jobbe saman med foreldra om. Dersom det blir eit stort problem i heimen med for mykje bruk av nettbrettet må foreldre gjerne ta kontakt.
4. Bursdagsinvitasjon - klare anbefalingar frå FAU på at ein bør invitere heile klassen, eller event berre gutane eller berre jentene i klassen. Ein bør ikkje legge opp til selskap der ein inviterer barn frå andre klassar, dette er noko ein derimot sjølv sagt kan gjere i familieselskap. Risikoen med dette er at somme barn aldri blir invitert, og dermed har ein skapt ein kultur der ein ekskluderer, sjølv om det aldri var meininga.
5. Valfri dusjing etter gymmen, påverkar det innsatsen? Rektor ser utfordringa, men opplyser om at ein framleis ikkje kan bruke gymsalen med tanke på smittevern og dagens kapasitet i reinhald. Det er stilt spørsmål til kommunen om ein kan få auka kapasiteten på reinhald.
6. Bytte av bank, FAU har bestemt seg for å skifte bank frå Sparebanken 1 SR-Bank til Sparebanken Vest. Kasserar sender inn melding om nytt styre til Brønnøysundregisteret.
7. Aktivitetskveld for 5 -7 klasse, det vart bestemt at ein avventar organiseringa av dette på grunn av korona og smittevern.
8. Bruk av sykkelhjelm og refleks er viktig, eit umelt besøk frå politiet på skulen gjorde fleire elevar bevisste på kor viktig dette er.

Det vart sett nytt møte i FAU til 25. november kl. 19.30.